Solhaugen Barnehage

Tlf. 56 36 20 60
Faks: 56 36 20 59
Storbruhaugen 14, 5955 Lindås

# DIDAKTISK RELASJONSMODELL TIL BRUK I PLANLEGGING AV PROSJEKT

**Proskjekt/Tema : BRAVO (Tina)**

**Mål for prosjektet: Trene omgrep og avkode språket .**
**Utvikle muntleg språk, auke ordforråd og omgrep gjennom intensiv og systematisk stimulering av sanseapparatet, kognitive og motoriske ferdigheter. Skape samanhengar som styrkar sosial forståing. Styrke motorikken gjennom trening og repitasjon av grunnbevegelsane.**

| **Forutsetningar** Kvafor forutsetningar må du ta omsyn til hjå barna, personalet og deg sjølv? | **Mål** Kva vil du oppnå underveis i opplegget, og som resultat? | **Innhald** Kva slags stoffutvalg, materiell og utstyr vil du velja? | **Arbeidsmåte** Kva skal dei vaksne og barna gjøre? (Praktisk gjennomføring) | **Rammefaktorar** Kvafor rammefaktorar kan stimulere og begrensa? | **Evaluering** Kva vil du legge vekt på å evaluera undervegs og til slutt? |
|---|---|---|---|---|---|
| Nok vaksne på jobb.<br><br>Fleire vaksne er kjende med- og kan ha opplegget.<br><br>Gjenkjennelsesmoment for at barna skal vere forberedt på kva som skal skje; fast tid, fast gruppe, fast rom, rekvisittar..<br><br>Ei tydeleg oversikt over kva kort og konkretar som trengst til kvar samling.<br><br>Den vaksne må gjere det til ein leik – unngå | Barna skal ha det kjekt saman som gruppe, samstundes som enkeltindivida skal oppleve positiv mestringskjensle til elementa i samlinga.<br><br>Læringa har fleire element:<br>Bokstavar, tal, begrep, mengder, fenomen, orddeling, uttale, kategorisering..<br>Sosial kompetanse vert trent gjennom ansiktsuttrykk kobla mot følelsar.<br>Motoriske ferdigheter | BRAVO kort<br>Maxi-bøker<br>Bravo-onepiece til den vaksne.<br><br>Utstyr til motorisk aktivitet/hinderløype: liten stol, babystol, kosteskaft, gummimatter – og ei historie som bind aktivitetane saman.<br><br>Plansjar om dyr, fuglar, insekt, blomar, årstider, tal/prikkar eller ulike storleikar. | Borna hjelper å finne remediene til hinderløypa etter ryddetida.<br><br>Den vaksne finn kortakonkretane ved å sjå på dagsoversikta.<br><br>Borna set seg på matta inntil veggen.<br><br>Repitisjon x 3 på alle kort gjer at læringa vert optimal.<br><br>Klappar stavingar, | Rutine viktig.<br>Det må vere ro i gruppa slik at alle fokuserer på det som skal skje.<br><br>Fleire vaksne med i byrjinga kan hjelpe borna å oppleve gode gjennomgangar av Bravo. Dermed aukar lysten til å gjenta - trass i at ein må vente på tur.<br><br>Læremidla må vere lett tilgjengelege; kort, konkretar, | <u>Tankar i forkant:</u><br>For å finne ut om aktiviteten fungerer i henhold til målet vert det viktigaste å sjå på barnas trivsel.<br><br>Er alle klare for BRAVO?, klarer dei å fokusere, prøver dei å få andre med seg på "mytteri"?<br><br>Får ein inntrykk av at nokon, eller alle etter kvart kjenner att nokre bokstavar?<br>Klarar å delta på |

E-post: solhaugen@barnehage.no
Hjemmeside: http://solhaugen.barnehage.no
Organisasjonsnr: 983 033 067 mva

Miljøfyrtårn®

Tlf. 56 36 20 60
Faks: 56 36 20 59
Storbruhaugen 14, 5955 Lindås

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| negativt forventningspress.<br><br>Fokusere på positivt samspel, unngå konflikt. Dei som ikkje er interessert kan forlate rommet. Skal vere lystbetont.<br><br>Danne ei gruppe der dei sterke drar dei svake med!<br><br>Aktivitetane mellom øktene er avgjerande for konsentrasjon.<br><br>Innholdet må presenterast raskt, variert innanfor gjenkjennbare rammer.<br><br>Tilby visuelle eller sansemessige supplement for å bidra til at samanhengar vert laga, forståinga aukar – konsentrasjonen til alle tas vare på. | trenes mellom kvar økt i form av hinderløype Dei grunleggjande røyrslene vert trente for å styrke motorikk, samtidig som det auker det kognitive læringsutbyttet.<br><br>Sanseopplevingar skal bidra til at samanhengar vert tydelege og gir overføringsverdi til kvardagslivet.<br><br>Alle skal oppleve meistring. Ingen skal pressast til å svare eller delta motorisk.<br><br>Respektere når det er andre sin tur – meistre turtaking.<br><br>Skape samanhengar mellombokstavar/ord, Samt utvide bornas ordforråd, uttale og forståing av ulike fenomen.<br><br>Styrke dei språkleg svake, stimulere dei læresugne ved å tilby | Laminerte bileter/bøker om tema: 17.mai, kjøretøy, skilt…<br><br>Bøker om temaene: Fuglar, insekt, dyr, blomar, kjøretøy, tal, mengder..<br><br>Konkretar: blomar, bær, bøker m/fuglelyd, duploklossar, steinar, pengar (mengder, lengder..), fat, koppar, egg, druer (illustrere former) ark,brødkurv++(ill. former),kalkulator (rekneteikn), matvarer til å smake på (bær & grønsaker) leikeskilt, leikekjøretøy, plastdyr.Malesaker (fargane), flagg, kart.<br><br>Oversikt over kva konkretar som skal med til kvar økt skal sikre at den vaksne har med utstyr. T.d eit plastdyr, ei gulrot, speil, bilete | ser på bokstavar, lange og korte ord.. Ein nyttar konkretar for å skape samanhengar.<br><br>2 sett kort pr økt er nok for aldersgruppa.<br><br>Korta er tilpassa interesse hjå målgruppa.<br><br>Borna venter på tur i fhld til å snu kort, sanseopplevingar og hinderløype.<br><br>Ein må nytte dei som tidleg skjønar opplegget som motivator og vegvisar for resten av gruppa. | hinderløype..<br>God tilrettelegging, struktur og tydelege rammer er viktig for å unngå masing, testinga av grenser og interne maktkampar mellom barna.<br><br>Dei må oppleve felles glede over gruppa, eigen person, og av innhaldet. Ved gjentatt korrigering forsvinn intensjonen med gruppa.<br><br>Læring skjer der det er glede, der ein opplever det meiningsfullt å vere, der ein opplever meistring og forståing.<br><br>Den vaksne må vere førebudd og positiv til at "dette får me til"<br><br>Den vaksne har eit stort ansvar i forhold til å | klapping av stavingar? Tør snu kort? Delta i dei motoriske aktivitetane? Tør smake på/føle på konkretane?<br><br>Ønsker barna meir bokstavleik? Ser barna samanheng mellom det dei har erfart i gruppa og leik/ kvardagsaktivitetar på avdelinga?<br><br>Får barna betre orddforåd og forståing?<br>Vert borna meir oppmerksame på språk, omgrep, tal, former, fenomnener me ser på tur, kjensler hjå andre?<br><br>**Evaluering etter endt opplegg:** |

E-post: solhaugen@barnehage.no
Hjemmeside: http://solhaugen.barnehage.no
Organisasjonsnr: 983 033 067 mva

Miljøfyrtårn®

Tlf. 56 36 20 60
Faks: 56 36 20 59
Storbruhaugen 14, 5955 Lindås

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | endå meir læring. Ulike born vil ha ulikt utbytte av same opplegg – målet er at alle skal løftast frå der dei er i dag! | av ein fugl, noko rødt.., noko med ulik storleik eller form, noko som syner eit gitt antal.. Ei bok, eit trafikkskilt. | | engasjere og skape ro samstundes – og til at alle born opplever å lukkast når dei er i søkelyset.<br><br>Det finst ikkje "NEI" I Bravo – hjelp borna på ein smidig måte, slik at alle lukkast. | |